

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

06.02.2021

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Sak 19/10011:

## Innspel til arealplan, 2.offentlege ettersyn Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune

Kommunestyret fastsette planprogrammet for arealdel av kommuneplan på slutten av 2016. Det første planutkastet vart sendt på høyring og offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet i 2019. Innkomne motsegn og merknader vart handsama av formannskapet i 2020. I neste omgang har no formannskapet gjort vedtak om at Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vert lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Kommunesamanslåing og endra kommunegrenser gjer at det som i utgangspunktet skulle vera ein revisjon av kommuneplanen sin arealdel for heile Volda kommune i staden er blitt ein kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, der alle kommunedelplanane for tidlegare Volda kommune er blitt samla i ein felles kommunedelplan.

Dyrka jord utgjer kun 2,8 % av planområdet sitt totale areal.

Ut frå dei justeringar som er gjort til 2. offentlege ettersyn har vi følgjande innspel:

### **Endringar i planutkast knytt til jordvern etter 1. offentlege ettersyn**

Vi ser klart at statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging i kombinasjon med øvrige interesser fører til press på bustadmarknad, ønskje om tettstadsutvikling, næringsutvikling og medfølgjande utvikling av øvrig infrastruktur i dei sentrale tettstadene i kommunen. Det er difor positivt at arealbehovet knytt til utbygging er redusert etter 1. offentlege ettersyn og at landbruksareal til utbygging er redusert. Vi meiner likevel at omsynet til jordvern i 2. offentlege ettersyn framleis er for dårleg ivaretatt. Dessutan bør planen bli meir konkret på krav knytt til fortetting og alternativ/ny bruk av eksisterande utbygde areal. Vi vil ikkje her peika på konkrete dyrka areal som ikkje bør omregulerast eller på utbygde areal som bør fortettast, men dette bør grundig vurderast i samband med 2.offentlege ettersyn.

### **Landbruksjord som næringsareal**

Vi må få minna om at landbruksjorda er landbruket sitt næringsareal. Planen er framleis i for stor grad prega av ønskje om å leggja til rette for utbygging av areal. I den samanhengen saknar vi at planen også skal bidra til å sikra eit velfungerande landbruk, noko som også bør vera inkludert i planen. I så måte saknar vi at ein plan for landbruket ligg til grunn for kommunedelplanen. Det er heller ikkje gjort greie for kva konsekvensar planforslaget får for jordvern og muligheter for matproduksjon.

Det må klart gå fram av kommunedelplanen at kommunen tek ansvar både for å gje gode arealmessige vilkår og leggja til rette for framtidig matproduksjon. Vi forventar difor at det skal vera fokus på bevaring av dyrka og dyrkbar jord, også i sentrumsnære delar av kommunen. Planen må difor klart skissera arealbehov knytt til grunnlaget for matproduksjon i kommunen. Dersom det gjennom arealdisponeringa i kommunen blir signalisert at dyrka og dyrkbar jord ikkje skal brukast til matproduksjon, men til andre formål, er dette eit svært uheldig signal som lett vil få uheldige konsekvensar.

### **Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal**

I fleire samanhengar blir det vist til behovet for samordna bustad, areal og transportplanlegging. Dette ligg det klare føringar for, men vi må minna om at det klart er presisert at andre omsyn også må ivaretakast.

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsomsyn, t.d. bustadføremål. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdera langsiktige og indirekte verknader for arealbruk når det vert opna for utbygging.

### **Jordvern er dagsaktuelt**

Vi må få minna om at jordvern er eit felles tema for dagens diskusjon i samfunnet:

- Det å ivareta matjord og biologiske prosessar er eit viktig klimatiltak, mellom anna gjennom CO<sup>2</sup>-lagring.
- Behovet for sjølvforsyning, eigen lokal matproduksjon og beredskap er klart blitt synleggjort i den tida vi har hatt coronasmitte blant oss.
- Statistisk Sentralbyrå offentleggjorde 12.1.2021 rapporten *Nedbygging av jordbruksareal i 2016-2019 basert på bygningsomriss*. Her kjem det klart fram at nedbygginga av matjord er klart større enn det som kjem fram gjennom den årlege KOSTRA-rapporteringa.
- Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren sende 8.1.2021 brev til kommunane om *Jordvern og FN's bærekraftsmål*. Det blir vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbrukets produksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentrumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Den samla konsekvensen av alle nevnte forhold må bli at kommunane i langt sterkare grad reduserer nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord, også i sentrumsnære områder. Dette må reflekterast gjennom 2.offentlege ettersyn av Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune.

### **Argumentasjonen i diskusjon om arealbruk**

Til slutt må vi minna om at Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjonar. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaressurs for framtidige generasjonar. Eigarforhold, jordeigar sin personlege situasjon og jorda sin noverande driftstilstand skal ikkje takast i betraktning ved arealdisponering.

Med helsing  
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL